Norges vassdrags- og energidirektorat

NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 26.08.2019
Vår ref.: 201904235-2
Arkiv: 313
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Silje Aakre Solheim
22959544/saas@nve.no

# Høyring av søknad om vassuttak frå Knappenvatnet i Fjell kommune i Hordaland

NVE har mottatt søknad frå Jarle Aasen Tingvoll og Beate Bakkebø, datert 10.4.2019, om løyve til uttak av vatn frå Knappenvatnet til bruk i avlusing av oppdrettsfisk. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort i Bergens Tidende og Vestnytt av NVE. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Jarle Aasen Tingvoll på tlf. 969 14 217 eller e-post: jarle.tingvoll@gmail.com.

Vi ber Fjell kommune om å legge to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Fjell rådhus fram til **1.10.2019**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

## Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd, og seinast innan **1.10.2019**.

Det er også mogleg å sende uttalar per e-post til nve@nve.no, eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalar eller deler av uttalar vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalelen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

## Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagte informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

## Skildring av tiltaket

Tiltakshavar planlegg å etablere Knappenvatnet i Fjell kommune som vasskjelde for brønnbåtar med behov for ferskvatn om hausten. Vatnet skal brukast til avlusing av oppdrettsfisk. Det er søkt om å ta ut

15 000 $m^3$ frå Knappenvatnet over ein perioden på fem dagar. Eit slikt uttak skal skje om lag ein gong kvar tredje veke i perioden frå september og ut året. Det vil bli gjort inntil seks uttak årleg. Knappenvatnet skal regulerast mellom kote 0 og kote 5,0. For å auke vasstilgangen er det også planlagt å overføre to tilgrensande nedbørfelt.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
rådgjevar

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Vedlegg: Informasjon til høyringspartane
Tre trykte eksemplar av søknaden til kommunen

Mottakarliste:

Bergen og Hordaland Turlag
Fjell kommune
Fjell Turlag
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
FYLKESMANNEN I VESTLAND
Hordaland fylkeskommune
Mattilsynet
Naturvernforbundet i Hordaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Norges Miljøvernforbund
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland

Kopi til:

Jarle Aasen Tingvoll og Beate Bakkebø
Rådgivende Biologer AS v/Geir Helge Johnsen